

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Vi Haakon, Noregs Konge,
gjer kunnigt:

I samsvar med grunnlova skal Kongen med dette få gje melding til Stortinget om tilstanden i riket og om styringa i 1938.

Året 1938 har ikkje vori eit så godt år som 1937. Atterslaget i konjunkturane i verda har ein merka her heime òg, men verksemda og inkomma har haldi seg heller godt oppe samanlikna med dei fleste andra landa. Men tilhøva har ikkje vori like gode for alle næringar og heller ikkje har gangen i året vori jamn. Alle oppgåver syner ein nedgang i fyrste halvåret, men utetter seinsommaren stilna han av og verksemda har stigi noko utetter hausten og vinteren.

Truleg har den ringe nedgangen i prisane her heime gjort mykje til at stoda har vori som ho er. Det ålmenne prisnivået har falli noko i 1938, men fallet i engrosprisindeksen har berre vori ca. 6 pst. og det stilna av i oktober. Rørsla i levekostnadene har ikkje vori stor. Stiginga frå 1937 heldt fram fyrste halvåret, men stiginga frå januar til juli var berre 2 poeng. Frå juli har dei falli 3 poeng og ligg i november 1 poeng lågare enn i november 1937.

Pengemarknaden har òg vori sers romsleg i 1938. Renta har difor hatt ein fallande tendens og 5 januar 1938 sette Norges Bank diskontoen ned frå 4 til 3½ pst. Medelsavkastninga på 4½ pst. obligasjonar gjekk ned frå 4,47 pst. i 1937 til 4,33 pst. i 1938. Bankinnskota er gått opp frå 2 791 millionar kroner i november 1937 til 2 966 millionar kroner i november 1938. Omlaupet av setlar har vori sers stort i 1938 og tilfanget av utlandske valuta har vori stort.

At verksemda har haldi seg godt oppe, syner seg i den innalandske omsetnaden. Indeksen for detaljomsetnaden for tidbolken januar–august syner ei stiging på 5 pst. Engrosomsetnaden har òg stigi det same. Omsetnaden har derfor vori større i 1938 enn i 1937, og dette syner at nedgangen i 1938 ikkje hadde vori djupt femnande.

Medan den innalandske omsetnaden har haldi seg oppe, har utarikshandelen gått noko ned. Innførsla er gått ned frå 1 186 millionar kroner i januar–november 1937 til 1 095 millionar kroner i same tidbolken 1938. Nedgangen vart 7,6 pst. Utførsla er i same tidbolken gått ned frå 737 millionar kroner til 701 millionar kroner. Nedgangen i innførsla har vori størst for råemne, innførsla av forbruksvarer og produksjonskapital har vori på lag som i 1937. Det som har haldi utførsla så godt oppe, er utførsla av malm, ymse metall og elektrokjemiske produkt, som har auka i 1938. Utførsla av sildemjøl og kleppfisk var òg høgre siste året. Nedgangen i utførsla, er sers stor for produkt frå papirindustrien. Av di innførsla har falli meir enn utførsla, har underskotet på handelsbalansen vori mindre i 1938 enn i 1937, for tidbolken januar–november om lag 50 millionar kroner. Då nedgangen i inkomma frå skipsfarten òg har vori mindre, må ein rekne med eit monaleg mindre overskot på betalingsbalansen i 1938. Men eit lite overskot blir det.

Som nemnt har tilhøvet i dei einskilde næringane vori noko ulikt.

Jordbruket. For jordbruket var 1938 eit bra år, men det økonomiske resultatet blir på grunn av auka utgifter ikkje så bra som i 1937. Avlingane i jordbruket har stort sett vori større i 1938 enn i 1937, men kvaliteten har vori ujamn. Kornavlinga har vori på lag som i 1937, ca. 400 000 tonn. Dette er meir enn medelsårs avling. Høyavlinga var 100 000 tonn større enn i 1937. Avlinga i hagebruket var under medels. Minst var avlinga av frukt. Arealet av dyrka jord har auka med 79 000 dekar, og talet på storfe, sau og fjørfe har stigi, medan talet på geit og svin har gått ned.

Prisane på dei vegetabiliske landbruksvarene viste nedgang i 1938, medan prisnivået for husdyrprodukta stort sett var fast, noko stiging for smør, flesk og egg, men fall til dømes for oksekjøt og huder. Heile verdet av landbruksproduksjonen er rekna til ca. 500 millionar kroner eller om lag som i 1937.

Pelsdyravlen er framleis i oppgang, men prisane er gått ned.

S k o g b r u k e t. For skogbruket som hadde eit mykje godt år i 1937 har det vori eit sterkt atterslag i 1938. Prisane har falli ovleg sterkt, vi nemner som døme at basisprisen på sliperi- og cellulosetømmer av gran er gått ned frå 22 kroner i 1937 til ca. 13 kroner i 1938. Denne nedgangen saman med dei tømmerlagra som en del av industrien ligg inne med, gjer at skogsdrifta i vinter blir mindre enn vanleg, og det fører igjen til arbeidsløyse i skogsbygdene. Med dei prisane og driftsutgiftene som no er, blir den økonomiske vinninga av skogsdrifta lita.

M u n n - o g k l a u v s j u k a som har herja så sterkt i mange land, har nå komi til vårt land òg. Det fyrste tilfellet fekk vi i Båstad i Østfold 18 november og sidan har sjukdomen vist seg fleire stader. I kampen mot farsotten nytter ein nedslaktlingslina og det vert elles teki strenge rådgjerder for å hindre smittespreidning.

F i s k e r i a. Dei vanskelege kåra som fiskerinæringa i mange år har hatt, er ikkje blitt betre i 1938. Avsetnaden er stort sett blitt vanskelegare og for einskilde produkt er utførsla gått ned. Eit lyspunkt i året har det vori at utførsla av kleppfisk og sildemjøl har auka. Det blei fiska opp meir torsk i 1938 enn i dei siste åra, jamvel om vår-torskefisket i Finnmark og på kysten sønnafor Lofoten var mislykka. Prisane for torsken har vori litt høgre, sildeprisane har vori lågare. Fyrstehandsverdet av fisket er rekna til 86,1 millionar kroner i 1938 mot 81,6 millionar kroner i 1937. Staten har halde fram med stønad til fiskeria i 1938 òg.

K v a l f a n g s t e n har gjeve mykje mindre forteneste i 1938 enn i 1937, av di oljeprisane har falli sterkt, frå ca. £ 20 til ca. £ 13 i medel. Andre nasjonar har fanga meir enn før, og av fangsten i Sørhavet kjem dei til å ta meir i den sesongen som byrja i desember 1938, enn i sesongen før. Ein må òg merke seg at talet på utalandske mannskap på ekspedisjonar som siglar under flagget til andre land, har stigi år for år.

I n d u s t r i e n. Å døme etter produksjonsindeksen har industriproduksjonen haldi seg om lag på same høgda i 1938 som i 1937. Produksjonen viste nedgang i sommarmåndene, men har teke seg opp utover hausten. Prisane har alt over vori lågare i 1938 enn i 1937, så ein må rekne med at verdet av produksjonen er gått ned. Dette relativt gode resultatet av industriproduksjonen i 1938 skriv seg frå visse industrigreiner som har auka produksjonen sin i 1938. Fyrst og fremst

gjeld dette dei eksportindustriane som produserer malm og metall og elektrokjemiske produkt. Dernest gjeld det heimeindustriane, jern- og metallindustrien og nærings- og nytingsmiddelindustrien. Dei andre industrigreinene har meir eller mindre fått kjenne konjunkturedgangen. Hardast har det vori for papirindustrien, men industrigreiner som hermetikk, tekstilindustri og fleire andre, har hatt mindre verksemd og lågare produksjon i 1938 enn i 1937. Byggjeindustrien har derimot vist stor framgang i 1938.

S k i p s f a r t e n. Fraktene har falli i 1938 og på jamnan ligg dei monaleg under 1937. Vi har derfor hatt heller mykje opplegg av tonnasje i 1938. Pr. 1 desember 1938 var opplegget 172 000 bruttotonn, medan det i desember 1937 ikkje var noko opplegg. Stoda har vore därleg for tankflåten i fyrste delen av året. Og av di denne har mykje å seie, blir bruttoinntekten av skipsfarten etter måten høg, ca. 600 millionar kroner mot 750 millionar kroner i 1937. Flåten har òg auka i 1938 med 212 000 tonn og var ved utgangen av 1938 4 756 000 bruttotonn.

Også arbeidsindeksen tyder på at verksemda er halden godt oppe. I dei tre fjerdingåra av 1938 ligg denne indeksen ca. 2 pst. høgre enn i 1937.

A r b e i d s l ø y s a : Talet på arbeids-søkjande var i siste del av 1938 litt høgre enn på same tid året før, serleg avdi skogsdrifta låg nede.

Det har ikkje vori mange arbeidskonfliktar i 1938. Den største var hotell- og restaurantkonflikten. I einskilde fag, der det var truga med konflikt, blei han løyst ved skilsdom.

O f f e n t l e g e f i n a n s a r : Dei siste gode åra har letta dei kommunale finansane. Skatteprosenten har til dømes falle litt kvart år, men ikkje i takt med oppgangen i inntektene, av di utilikningssummane har gått sterkt opp. Lånegjelda har ein òg kunna redusere; men dette har sin grunn i gjeldsak-kordane.

Statsrekneskapen for 1937—38 har òg gjeve monaleg overskot, men det er mindre enn i førra budsjettåret. Summen var 44,6 millionar kroner (36,6 millionar kroner når ein tek omsyn til brigda i dei overførde løyvингane) mot 57,2 millionar kroner i 1936—37. Rekneskapen for fyrste fjerdingåret 1938—39 syner underskot; men det er vanleg at det er underskot i denne terminen. Det var også tilfelle i førra budsjettåret; men underskotet er større denne gongen, nemleg 19,3 millionar kroner mot 3,8 millionar kroner i 1937—38. Underskotet skriv seg frå auka utgifter. Inn-

tekene har gått bra inn, og det same er tilfelle i oktober—november. Statsgjelda blei i budsjettåret 1937—38 redusert frå 1 493,3 millionar kroner til 1 428,7 millionar kroner.

I 1938 har det òg vori mange giftarmål, i dei 3 fyrste fjerdingåra av 1938 16 065 mot 15 758 i dei same fjerdingåra i 1937. Fødsels-

talet er òg større i desse fjerdingåra av 1938 enn i 1937, nemleg 35 097 i januar—september 1938 mot 33 641 i same tidbolken 1937. Talet på avlidne er noko mindre i 1938, 21 803 mot 22 671 i 1937. Fødselsoverskotet blir såleis i denne tida av 1938 13 294 mot 10 970 i 1937. Folketalet kan ein ved utgangen av året setja til om lag 2 922 000; det er 16 000 meir enn for eit år sidan.

Gjeve på Oslo slott 6 januar 1939.

Under Vår hand og riksseglet

HAAKON
(L. S.)

Johan Nygaardsvold

B. Rolsted